Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Protokoll
Årsmøte i Ørsta Idrettsråd 2021

Onsdag 16. juni 2021 kl. 19.00- 21.00
Stad: Klubbrom 1, Ørstahallen

Sakliste

Sak 1: Godkjenning av representantane

Det møtte 16 røysteføre representantar og ein representant utan røysterett frå medlemslaga. I tillegg møtte 4 medlemmar frå styret. Til saman var det 21 frammøtte. Representantane vart godkjende etter det tal utsendingar kvart lag har høve til å stille med.

Vedtak:
Representantane vart godkjende.

Sak 2: Godkjenning av innkallinga

Representantane hadde ingen merknader til innkallinga.

Vedtak:
Innkallinga vart godkjend.

Sak 3: Godkjenning av sakliste

Representantane hadde ingen merknader til saklista.

Vedtak:
Saklista vart godkjend.

Sak 4: Val av møteleiar

Vedtak:
Erlend Andersen (ØIR/ØIL) vart vald som møteleiar.

Sak 5: Val av skrivar for årsmøte

Vedtak:
Tone Jøssang Hovdenakk vart vald til skrivar for årsmøtet.

Sak 6: Val av to til å skrive under møteboka

Det kom framlegg om Daniel Garden (Sunnmørsk Klatreklubb) og Porshad Hafezi (Ørsta IL) til å skrive under møteboka.

Vedtak:
Daniel Garden (SKK) og Porshad Hafezi (Ørsta IL) vart valde til å skrive under møteboka.

Sak 7: Årsmelding for perioden 25.06.2020-16.06.2021

Styreleiar Erlend Andersen las opp årsmeldinga for perioden 2020/21.
Vedtak:
Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 8: Rekneskap for 2020

Erlend Andersen, leiar i Ørsta Idrettsråd, la fram og orienterte om rekneskapen for 2020. Etter nye reglar treng ein ikkje revisor. Styret har signert og godkjent rekneskapen for 2020.

Det vart kommentert frå SKK at aksjeposten i Ørsta Idrettspark AS virka høg, og om den er reell.

Vedtak:
Rekneskapen for 2020 vart godkjend.

Sak 9: Medlemskontingenten for 2021

Styret foreslo gratis kontingent for 2021 med bakgrunn i covid-19 pandemien. Laga har mista inntekter, og ØIR har hatt lite utgifter. Det kom eit anna forslag om å la budsjettet gå i null, og ikkje i minus. Etter røysting, fall valet på gratis medlemskontingent.

Vedtak:
Kontingenten for 2021 skal vere gratis for medlemslaga.

Sak 10: Innkomne forslag og saker

Prinsipp for tildeling av aktivitetsmidlar.
Lokale aktivitetsmidlar er eit tilskot fra KUD retta mot lokale lag og foreningar som driv aktivitet for born og ungdom (6-19 år). Kriteriane vart diskutert og det vart sett spørsmål til kva ein legg i «lokale tilpasningar og skjønnsmessige vurderingar». Årsmøtet ynskjer at styret utarbeider tydelige, lokale retningslinjer for LAM-midlane.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at styret kan fordele LAM-midlane for 2021 som det er blitt gjort tidlegare, men at ein skal leggje fram «skjønnsmessige vurderingar» og korfor ein vikar frå «normalen».

Ørsta idrettpark AS
Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta idrettsråd (51 %) og Ørsta kommune (49 %). Selskapet har vore aktivt med på prosjektering av Ørstahallen, og seinare hatt som hovudoppgåve å investere i utstyr til denne. Midlane til selskapet kjem frå næringslivet og kommunen. Selskapet er nesten tom for midlar etter 2020, og det er diskusjon mellom idretten og kommunen om framtida til selskapet.

Det skal være generalforsamling i sommar og framtida til selskapet skal til behandling. Det blir truleg nedlegging. Det blir òg diskusjon rundt eigarskap til utstyret ØIP har kjøpt inn.

Sak 11: **Arbeidsprogram for komande periode (til neste årsmøte)**
Erlend Andersen gjekk gjennom framlegg til arbeidsprogrammet

Styret sitt forslag:

- Arbeide for realisering av nytt symjeanlegg (byggetrinn 2 i idrettsparken)
- Delta aktivt i den utvida hallnemnda for Ørstahallen
- Jobbe for auka kommunal støtte til drift og anlegg.
- Jobbe for vidare bruk av kommunale skular til idrett, også i helg.
- Oppretthalde det gode samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet.
- Vere aktiv i planarbeidet til Ørsta kommune. Det er m.a. tid for rullering av kommunedelplan for «Idrett og fysisk aktivitet».
- Samarbeide med dei andre idrettsråda på Sunnmøre
- Gi hjelp til realisering av anlegg som er oppførte i handlingsprogrammet til kommunedelplan for "Idrett og fysisk aktivitet".
- Arbeide for momsfritak i idretten, i samarbeid med idrettskretsen.
- Samarbeid med ungdomsrådet. Korleis kan idretten tilpasse seg ungdommen sine ønskjer og behov?
- Hjelpe til med realisering av idrettsanlegg på Mosflata.

Vedtak:
Arbeidsprogrammet for komande periode vart godkjend.

Sak 12: **Budsjett 2021**
Leiar i Ørsta Idrettsråd, Erlend Andersen, gjorde greie for framlegg til budsjett for 2021. Forslaget om gratis medlemskontingent var ikkje endra i saksdokumentet. Budsjettet for 2021 vart difor endra i møtet til forslaget under:

Driftsinntekter	
Medlemskontingent	0,00
Renteinntekter	100,00
Diverse inntekter	1000,00
Totale driftsinntekter	1100,00

Driftsutgifter	
Møter/servering	0,00
Adm	6000,00
Kle/profilering	0,00
Renter/gebyr	200,00
Kurs/konferanser	0,00
Gåver	2000,00
Totale driftsutgifter	8200,00
Underskot:	**7100,00**

Vedtak:
Budsjett for 2021 vart godkjend med endringar frå årsmøtet

Sak 13: Val

Valnemnda si innstilling og forslag til vedtak til årsmøte i Ørsta Idrettsråd 16. juni 2021

Styret i ØIR

Leiar	Erlend Andersen, ØIL	Attval 1 år, på val i 2022
Nestleiar	Siri Dahl Masdal, VTIL	Attval, på val i 2023
Kasserar	Tone J. Hovdenakk, ØIL	På val i 2022
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov, SIL	På val i 2022
Styremedlem	Grethe Flatjord, Ørsta Symjeklubb	Ny, 2021-2023
1. Vara	Ingvild Øye, HIL	Attval 1 år, 2021-2022
2. Vara	Margrete Homlong Øyehaug ØRKK	Ny, 1 år, 2021-2022

Kontrollutval

	Jon Helge Bjørndal, VTIL	2020-2022
	Rita Myking, ÅIL	2020-2022
Vara	Bente Ørsal	2021-2022

Hallstyret

Leiar	Patricio Medina, ØIL	2021-2023
	Tone Jøssang Hovdenakk ØIL (Ørsta Idrettsråd)	
	Silje Aune Tvergrov SIL (Ørsta Idrettsråd)	
	Rebecca Riise Bjerknes (Ørsta Kommune)	
	Are Folkestad (Ørsta Kommune)	
	Gunnar Knutsen (Ørsta Kommune)	
Vara	Sindre Skurtveit, HIL	2021-2022

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Valgnemnda

Leiar:	Richard Olsen, ÅIL	2020-2022
	Arnar Gjerløw Holen, SIL	2021-2023
	Frode Viddal, HIL, vara	2021-2022

Representantar til styret i Ørsta Idrettspark: 1 år

	Gunnar Knutsen, ØIL	Attval 1 år

Ørsta, 01.06.21
Frode Viddal
Margrete H. Øyehaug
Richard Olsen

Vedtak:
Valet vert annullert. Ikkje alle dei innstilte har gitt sitt samtykke. Det blir nytt val til hausten.

Tone Jøssang Høydenakk
skrivar

1. Daniel Garden

2. Porshad Hafezi